



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	27.10.2025
Deres dato:	06.10.2025
Vår referanse	25/20151-2
Deres referanse:	2025/1655-25
Vår saksbehandlar:	Bendik Lien Berge

Uttale til mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde - utviding av industritomt - I14 - Åmot - høyring

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 06. oktober 2025 vedrøyrande høyring av mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde i Vinje kommune. Uttalefristen er sett til 28. oktober 2025.

Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av fossilfrie ladestasjonar og kvileplassar for tungtransport innanfor et eksisterande industriområde i Åmot. Tiltaket skal bidra til betre utnytting av dagens industriareal og redusere behovet for utbygging på nye, urørte areal. Det forventast ei auking av tungtrafikk som følgje av ny tunnel i Røldal og E134 mot Bergen, og dermed auka behov for grøn infrastruktur for tungtransport.

Reguleringsplanen og planendringane grensar mot fylkesvegen 38, og endringa inneber også redusert byggjegrænse frå 20 m til 15 m frå sentrelinje frå fv.38.

Industritomta innanfor planområdet er på 22.5 daa, og er i kommunedelplan avsett til industri og er omfatta av gjeldande reguleringsplan for Åmot næringsområde.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-14.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje

Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planforslaget som rører ansvarsområda våre:

Sektor samfunnsutvikling

Seksjon samfunn og plan

Tiltaket er i tråd med målsetjingane i regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark), om å bidra til eit berekraftig Telemark gjennom areal- og transportløyningar som fremjar miljøvennleg transport og reduserer klimagassutslepp. Etablering av fossilfrie ladestasjonar vil støtte opp under målet om å redusera utsleppet frå transportsektoren.

Interessene til barn og unge i planlegging

Omsynet til barn og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningslinjer, jf. plan- og bygningsloven §§ 1-1, 3-1, RPR barn og planlegging pkt. 4 og 5 og dessutan forvaltningsloven § 17.

Den regulerte turvegen nord i planområde, skal undervegs og etter endring av plan, vere og opplevast som tilgjengeleg og trygg for barn og unge.

Seksjon klima, næring og innovasjon

Næring

Arealbruk tilpassa det grønne skiftet vil vere eit viktig element for å tiltrekke seg næring. Gjennom god tilrettelegging vil kommunen gjere det enklare for aktørar å etablere grønne løysingar.

Klima og energi (og myr)

Ein bør gjennom planen leggja til rette for at busetnaden blir sett i stand til å dekkja mest mogleg av eige energibehov.

I tråd med regional klimaplan for Telemark tilrår me at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring. Det bør også vurderast å setja krav til fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg og anleggsplassar.

Vassressursforvaltning

Vi viser til [retningslinje 2.1 i regional vassforvaltningsplan](#) som seier at "det bør ikkje leggjast til rett for utbygging i område med risiko for naturfare" og 5.1 som seier at "grønt drag og restareal langs vassdrag skal bevarast for å vareta verdifulle kvalitetar som vasskvalitet, biologisk mangfald, og landskapsøkologiske korridorar og landskapselement". Vi tilrår at formålsgrensa til næringsområdet blir trekt utanfor flaumsona og at mest mogleg av vegetasjonen i tilknytning til vassdraget blir sikra i planlegginga. Vi viser og til retningslinjene 3.1 til 3.1 om handtering av overvatn for å hindre at avrenning fører til diffus forureining av vassdraget, og dessutan 4.1 om

Sektor Samferdsel

Det må setjast rekkjefølgjekrav i føresegnene til opparbeiding av dei to avkøyringane slik at dei vert opparbeidd i tråd med planen før nye funksjonar inne på plassen tas i bruk. Tilsvarende rekkjefølgjekrav må setjast til stenging av dei to eksisterande avkøyringane som ikkje er føreslått regulert til avkøyringar, og dei må visast med stengeteikn. Dei er ikkje vist med stengeteikn slik planforslaget føreligg no.

Plankartet må framstillast slik at ein kan sjå oppdatert kartgrunnlag (eksisterande bygningar, avkøyringar med meir) «under» plandata.

Føreslått byggjegrænse kan akseptrast.

Vi vil minne om at det for døgnkvileplassar er krav om fasilitetar som toalett med meir.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Bendik Lien Berge

bendik.lien.berge@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Bendik Lien Berge - hovedsaksbehandler
Geir Sørum - næring, klima
Lotte Thommesen - vannforvaltning
Dag Steinar Ragvin - samferdsel

tlf. 94 89 43 50
tlf. 93 45 80 33
tlf. 40 62 17 33
tlf. 94 16 94 76

e-post: bendik.lien.berge@telemarkfylke.no
e-post: geir.sorum@telemarkfylke.no
e-post: lotte.thommesen@telemarkfylke.no
e-post: dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no